



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato
12.06.2017
Dykkar dato
05.05.2017

Vår referanse
2014/13987 421.4
Dykkar referanse
14/7786

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Lindås - gnr 202 bnr 42 mfl - offentlig ettersyn detaljregulering Hellesneset næringsområde

Me viser til oversending av saka med frist til 21.06.2017 for å koma med uttale til planforslaget.

Hovudføremålet med reguleringsplanen er å leggja til rette for etablering av nye bygg, utviding av kai og betre tilhøva for den eksisterande næringsverksemda i området. Ein vil også betra veg- og parkeringstilhøva innanfor planområdet og ned til næringsområdet. Vidare er eksisterande bustad regulert, samt at eksisterande naust vert vist med naustformål.

Planområdet er i hovudsak vist med formåla næring og bustad i arealdel av kommuneplanen.

For bustadarealet sin del rår Fylkesmannen til at området nedanfor byggegrensa mot sjø vert endra til grønmål. Det samsvarer også best med kommunen si byggegrensing i arealdelen av kommuneplanen. Då kan ein unngå mindre tiltak som vil kunne privatisere dette arealet, jf. at ein etter føresegn 1.1.1. opnar for bygging av uthus, trapper, parkeringsplassar m.m. utanfor byggegrensa. Slik utbygging vil elles svekka dei omsyn byggeforbodet i pbl § 1-8 skal ivareta.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Laila Pedersen Kaland
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen